

Notat/ status til prosjekteigar frå administrativ arbeidsgruppe 21.05.18

Namn arbeidsgruppe: Overordna prosjektgruppe Helse og omsorg

- Deltakarar:
 - Kjersti Nordanger (prosjektleiar)
 - Magnhild Grønningsæter
 - Liv Myklebust
 - Trude Kvarekval Lydvo
 - Anne B. Himle
 - Jenny Kjerland
 - Ingrid H. Rabben
- Tal møter: 7

Undergrupper:

- Gruppe 1: tenesteutvikling pleie- og omsorgstenester; 6 deltakarar
 - Tal møter: 6
 - Leiar: Magnhild Grønningsæter
- Gruppe 2: felles tenester; 4 deltakarar
 - Tal møter: 5
 - Leiar: Lene Grimestad
- Gruppe 3: førebyggjande helsetenester i eit folkehelseperspektiv; 8 deltakarar
 - Tal møter: 5
 - Leiar: Linda Merkesdal
- Gruppe 4: stab og støttefunksjonar; 3 deltakarar
 - Tal møter: 3
 - Leiar: Liv Myklebust

Medverknad frå andre ressurspersonar:

Hovudverneombod og tillitsvalt er representert i overordna prosjektgruppe helse og omsorg.

Mål/ visjon for arbeidet:

Sikra at innbyggjarane mottek helse- og omsorgstenester av god kvalitet. Me skal søkja ny kunnskap/forskning og byggja kvalitet i helse- og omsorgstenesta på bakgrunn av dette.

Status for arbeidsgruppa:

Helse og omsorg har arrangert og gjennomført 2 fellessamlingar våren 2018 for alle arbeidsgruppene våre: 16.januar og 25.april. Etter ynskje frå arbeidsgruppene skal me også ha ei fellessamling 13.juni, før sommarferien. Hovudtema for fellessamlinga 25.4 var presentasjonar frå arbeidsgruppene om arbeidet dei har gjort så langt, og kva dei har planlagt vidare. Dette vil også vera tema for fellessamlinga 13.6, der gruppene har blitt utfordra på å presentera kva dei har kartlagt av «lågt-hengjande-frukter» og gevinstar dei vil ta ut av dette arbeidet allereie no.

Arbeidsgruppene er godt i gang med arbeidet, og har alle gruppene har levert SWOT-analyse og kartlegging av tenestestruktur, som ligg publisert på Intranett i eigne mapper. Her ligg også referat frå

møta våren 2018. Nokon av gruppene har avtala møter kvar veke, andre korrespondera mest pr. mail. Arbeidsmetode er opp til den enkelte gruppe og gruppeleiar å avgjera.

Planlagde utviklingsaktivitetar (jmfr styringsdokument)

Prioriterte oppgaver

Risikovurdering av omstillingsprosessen

Arbeidsgruppene til Helse og omsorg har gitt innspel til risikovurdering av omstillingsprosessen. Overordna arbeidsgruppe har samanfatta innspela og risikovurdert faktorane i tabellar for «negativ risiko» og «positiv risiko». Risikovurdering er gjort i samarbeid med verneombod og tillitsvalt, og vurdert ut i frå rettleiing frå Astri Remme:

Negativ risiko

Risikofaktor	Sannsyn	Konsekvens	Total
Omstillingsarbeidet er tidkrevjande og kan føra til høgare arbeidspress og nedprioritering av andre oppgåver	5	3	15
Manglande informasjon om prosessen kan føra til usikkerheit om konsekvensar av samanslåinga for den enkelte	3	2	6
Mange informasjonskanalar for tilsette (gir uklar informasjon, evt. manglande informasjon viss ein ser på feil plass)	3	2	6
Redsel for det «ukjente» fører til usikkerheit knytt til endring av, eller fråfall av arbeidsoppgåver	3	3	9
Tilsette vil ikkje omstilla seg til ny praksis, eller delta i omstillingsarbeidet	3	3	9
Tilsette i Granvin er redd for å ikkje bli ivareteke (ynskja deira blir ikkje tatt med i prosessen)	4	2	8

Mulige tiltak for å redusere risiko for den første:

- God, synleg og tydeleg leiing – gjere prioriteringar, vera tilgjengeleg, gi informasjon

Positiv risiko

Risikofaktor	Sannsyn	Konsekvens	Total
Ny organisering/samanslåing kan føra til at ressursar og kompetanse bli nytta betre	4	4	16
Tilsette får eit større fagmiljø	3	4	12
Tilsette nyttar høve til å påverka og koma med innspel i prosessen	3	3	9
Tilsette kan få nye/endra arbeidsoppgåver	4	3	12
Dela kultur kan gi positiv verknad på nytenking	3	5	15

Saker som må avgjerast i Fellesnemnda

Behov for støtte/ hjelp:

Det har vore noko uklart kvar dokument skal lagrast. Ei klar føring på dette kunne vore nyttig.

Informasjon til tilsette:

Overordna arbeidsgruppe har hatt orientering ved kommunikasjonsrådgjevar Tor Halvorsen om vedtatt Kommunikationsplan.

Helse og omsorg publisera nyhende og bilete frå møter og fellessamlingar i aktuelle kommunikasjonskanalar for innbyggjarar og tilsette. Arbeidsgruppene er også oppmoda til å ta bilete frå sine møter, arbeid etc og senda overordna arbeidsgruppe for distribuering.

Oversikt over område som må vurderast/ inkluderast i andre arbeidsgrupper:

Helesøstertenesta må handterast av kommunalavdeling Oppvekst. Det er viktig at denne tenesta vert vurdert ut i frå heilskapleg folkehelseperspektiv.

Gevinstrealisering

Arbeidsgruppene til helse og omsorg skal presentera «lågt-hengjande-frukter»/gevinstar dei har kartlagt på fellessamling 13.juni.

Arbeidsgruppa sine egne punkt

-
-

Vedlegg:

Møtereferat frå arbeidsgruppene ligg på intranett under Voss Herad prosjektområde.